

Agder Sekretariat
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

VALLE KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

Medlemmer:	Varamedlemmer(for Ap)
Knut H. Nomeland, Sp, leiar	Tora Homme Uppstad
Kent M. Lund ,H , nestleiar	Hallvard K. Rysstad
Kjell Ove Tveiten, Ap	Solveig Rysstad
Gyro K. Uppstad, Ap	Varamedlem (H)
Ann Christin Jacob V	Edvin Brottveit
	Varamedlemmer (for Sp/V)
	Steinar H. Homme
	Knut J. Homme

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Tid: Torsdag 21. september 2017 kl. 13.00

Stad: Rådhuset, videokonferanserommet

SAKSLISTE

SAK 07/17 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 11.05.17
SAK 08/17 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2018
SAK 09/17 ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN ANG. TILSKOTSFORVALTNINGA
OG OMKLASSIFISERING AV DYRKA JORD

Referatsaker:

R 03/17 Brev frå Sissel Åkre – Sal av dei gamle bygningane på Bjugsbakk

Fast post: Revisor orienterer

Eventuelt

Valle, den 8. september 2017

Knut H. Nomeland
Leiar

Willy Gill
Utvalssekretær

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Innkalling/saksliste sendt elektronisk til medlemmer, ordfører, rådmann og revisor
Kopi elektronisk til: Gunn Margith Homme og Setesdølen

Varamedlem(er) møter berre etter særskild innkalling

Eventuelle forfall meldast til Willy Gill, tlf. 90 95 62 46.

VALLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr.02/17

Dato: 11.05.2017 kl. 13.00- 13.30

Stad: Kommunehuset, formannskapssalen

Til stades:

Knut H. Nomeland, leiar
Kent M. Lund
Tora Homme Uppstad (møtte for Kjell Ove Tveiten)
Gyro K. Uppstad

Kjell Ove Tveiten og Ann Christin Jacob hadde forfall

Dessutan møtte:

Revisor Tommy Pytten
Utvalssekretær Kjell Ivar Hommen

Det var ingen merknader til innkalling og sakslista.

SAKSLISTE:

SAK 06/17 KOMMUNREKNESKAPEN FOR 2016

Fast post: Revisor orienterer

Eventuelt

Valle, 11.05.2017

Godkjenning av møteboka:

Knut H. Nomeland

Kent M. Lund

Tora Homme Uppstad

Gyro K. Uppstad

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Utskrift vert sendt til: Kontrollutvalets medlemmer og varamedlemmer, ordfører, rådmann, revisor, Gunn Marith Homme og Setesdølen

Agder Sekretariat
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Møtebok 11. mai 2017

Valle kontrollutval

SAK 06/17 KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2016

Samrøystes vedtak:

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Valle kommune sin rekneskap for 2016. Driftsrekneskapen syner kr 129 204 958 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 6 681 105. Saman med årsrekneskapen låg det føre årsmelding frå rådmannen og revisjonsmelding frå Agder Kommunerevisjon IKS.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av regnskapet med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, samt rådmannen si årsmelding, dekkjer dei formelle krava i rekneskapsforskrifta og rekneskapsbrukaren sitt informasjonsbehov.

Kontrollutvalet ser ei vesentleg forbetring av tidspunktet for at rekneskapen vart klart til handsaming. Ein voner at ein for framtida også gjer rekneskapen ferdig til fastsette fristar.

Ut over dette har kontrollutvalet ingen merknader til Valle kommune sin årsrekneskap for 2016.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 06/17 KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2016, VALLE KOMMUNE

Lover, forskrifter:

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992

Forskrift om årsrekneskap og årsmelding av 15. desember 2000, med endringar i 2004

Saksdokument som er lagt med saken:

- Årsrekneskapen for 2016
- Årsmeldinga for 2016
- Revisjonsmelding, datert 8. mai 2017

Saksopplysningar:

Driftsrekneskapen viser kr 129 204 958 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 6 681 105.

Årsrekneskapen inneheld balanse per. 31. desember 2016, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentleg brukte rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Årsrekneskapen er utarbeida etter dei formelle krav som stilles i kommuneloven med tilhøyrande rekneskapsføresegner i forskrift for årsrekneskap og årsmelding og god rekneskapsskikk i Noreg.

Revisor vil vera til stades i kontrollutvalet sitt møte og kan svare på mulege spørsmål i samband med rekneskapen.

Framlegg til vedtak:

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Valle kommune sin rekneskap for 2016. Driftsrekneskapen syner kr 129 204 958 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 6 681 105. Saman med årsrekneskapen låg det føre årsmelding frå rådmannen og revisjonsmelding frå Agder Kommunerevisjon IKS.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av regnskapet med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, samt rådmannen si årsmelding, dekkjer dei formelle krava i rekneskapsforskrifta og rekneskapsbrukaren sitt informasjonsbehov.

Kontrollutvalet finn det igjen naudsynt å peike på at rekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga vert lagt fram mykje seinare enn dei fristane som gjeld. Dette minskar utvalet sitt høve til å gjere sine pliktige oppgåver på ein fullgod måte.

Ein forventar at gjeldande fristar vert haldne i framtida.

Ut over dette har kontrollutvalet ingen merknader til Valle kommune sin årsrekneskap for 2016.

Fast post: Revisor orienterar

Eventuelt

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Valle kommune

Sak 08/17

Møtedato: 21.09.2017

Sakshandsamar: WG

SAK 08/17 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2018

Vedlegg:

1. Agder Sekretariat, styret – sak 04/17
2. Agder Kommunerevisjon IKS, delbudsjett for Valle kommune

Bakgrunn for saken:

Kontrollutvalet skal etter § 18 i forskrift om kontrollutval utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. I merknadene heiter det at budsjettet skal omfatte både kontrollutvalets og revisjonens samla verksemd.

Kontrollutvalssekretariatets budsjettframlegg

Driftstilskotet skal dekke den normale aktiviteten i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, samt arkivhald med meir. Styret i Agder Sekretariat handsama budsjettet i møte 5. september 2017 og legg i sitt budsjett opp til at driftstilskotet frå kvar av eigarkommunane aukar med om lag 2,5%, frå kr 123.000 i 2017 til kr 126.000 for 2018.

Kommunerevisjonen sitt budsjettframlegg

Sekretariatet har motteke delbudsjett for 2018 frå Agder Kommunerevisjon IKS. Tilskotet til revisjonen utgjer kr 605.000, som er ein auke med 2,5% frå året før. Budsjettet er handsama i styret. Representantskapet vedtek budsjettet i løpet av september.

Kontrollutvalet sine utgifter

Ifølge forskrifta skal utgifter til kontrollutvalets samla verksemd være ein del av budsjettet for kontroll og tilsyn. Som tidligare er det en eigen post i budsjettframlegget til dekning av utvalet sine utgifter. Dette gjelder bl.a. møtegodtgjering, reiseutgifter, kurs mm.

Budsjettframlegget:

Det framlagde budsjettframlegg for kontroll og tilsyn bygger på

- Førre års budsjetttramme
- Delbudsjett Valle for Agder Kommunerevisjon IKS for 2018 (styrehandsama)
- Vedteke budsjett for Agder Sekretariat for 2018

	Budsjettframlegg 2018	Vedteke budsjett 2017	Vedteke budsjett 2016
Tilskot til revisjonsdistrikt	Kr. 605.000	Kr. 590 000	Kr. 578 916
Lut av sekretariatstenester	Kr. 126.000	Kr. 123 000	Kr. 120 000
Kontrollutvalet sine utgifter :			
Møtegodtgjersle m.m	Kr. 21.000	Kr 21.000	Kr 21 000
Kurs og andre utg.	Kr. 20.000	Kr 20.000	Kr 20 000
Andre konsulent-tenester	Kr. 50.000	Kr 50.000	Kr 50 000
Totalbudsjett	Kr. 822.000	Kr 804 000	Kr 789 916

Framlegg til vedtak:

1. Kontrollutvalet tilrår ein budsjetttramme for kontroll og tilsyn for 2018 på **kr. 822.000.**
2. Kontrollutvalet sitt vedtak skal i medhald av § 18 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontrollutvalget i
Valle kommune

Del-budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid i Valle kommune for 2018

Budsjettbehandlingen

Iht forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner §18 skal kontrollutvalget utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjettamme for kontroll- og tilsynsarbeid skal følge formannskapetets innstilling til kommunestyret. Kontrollutvalgets leder har møte- og talerett i kommunestyret når utvalgets saker behandles (Kl. §77).

Agder Kommunerevisjon IKS – møteforberedelse, deltakelse ved kontrollutvalgs- og kommunestyremøter samt fagkontakt med sekretær

Iht forskrift om revisjon plikter revisor å være tilstede i kommunestyret ved behandling av saker som har tilknytning til revisors oppdrag. Revisor deltar også ved kontrollutvalgets møter. Sekretæren for kontrollutvalget vil ha utstrakt behov for kontakt med revisjonen for informasjon/drøfting av saksforberedelse til møter. Revisjonens tidsforbruk til møteforberedelse og møtedeltakelse ved politiske møter samt nødvendig fagkontakt med sekretær inngår i revisjonstilskuddet.

Regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon - revisjonstilskudd

Det følger av Kommuneloven at kontrollutvalget skal påse at kommunen har regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Regnskapsrevisjon

Revisjonstilskuddet er basert på budsjettert tidsforbruk for 2017 til bla løpende revisjon, årsoppgjørrevisjon og alle pliktige attestasjonsoppgaver.

Forvaltningsrevisjon

Agder Kommunerevisjon IKS lager overordnet analyse som grunnlag til plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon som kontrollutvalget og kommunestyret vedtar i valgperioden. Overordnet analyse er basert på en gjennomgang av kommunens virksomhet mht vesentlighet og risiko. Analysen utføres av revisjonen etter bestilling fra kontrollutvalget. Analysen ble lagt frem for kontrollutvalget høsten 2016, og gikk deretter til kommunestyret. Plan for forvaltningsrevisjon er dynamisk og behov for endringer vurderes fortløpende av kontrollutvalget.

Agder Kommunerevisjon IKS – Revisjonstilskudd 2017 – 2018;

Revisjonstilskuddet utgjør kr 605.000,-. Det er en økning i revisjonstilskuddet på 2,5 % fra 2017 til 2018.

Selskapskontrollen

Selskapskontrollen er regulert i KI § 80 og forskrift om kontrollutvalg §§ 13-15. Det ble laget ny plan for selskapskontroll for perioden 2015-2019, som ble vedtatt av kontrollutvalget høsten 2016. Mål for kontrollen vil kunne være å vurdere om selskapene drives på en slik måte at kommunens målsetting med eierskapet ivaretas på en best mulig måte. Dette kan bety gode og effektive tjenester for kommunen og kommunens innbyggere, og gi en best mulig avkastning og ivaretagelse av samfunnsansvarlig forretningsdrift. Selskapskontroll (eierskapskontroll) inngår i revisjonstilskuddet.

Tallbudsjett - 2018 med noter

Vedlagt følger del-budsjett for 2018 for kontroll- og tilsynsarbeid i kommunen. De resterende budsjettposter, knyttet til kontrollutvalgets drift, utarbeides av kontrollutvalgets sekretær. Sekretæren fremmer også forslag til vedtak i saken.

Revisjonens tilskudd fra kommunen er beregnet etter medgått tid og en timepris tilnærmet selvkost.


Tor Ole Holbek
Revisjonssjef

1 vedlegg

Budsjettforslag for revisjon, selskapskontroll og revisjonens deltakelse ved politiske møter i 2018 – Valle kommune

Tekst	Budsjett 2018	Note
Tilskudd Agder Kommunerevisjon IKS forberedelse, møtedeltakelse kontrollutvalg, kommunestyret mv.		1
Selskapskontrollen		2
Revisjonstilskudd Agder Kommunerevisjon IKS *	605 000,00	3

* kr 590.000,- var budsjett i 2017

Noter:

Note 1

Arbeid med revisjonens tid til forberedelse og deltakelse ved politiske møter samt arbeid og dialog med sekretariatet, inngår i revisjonstilskuddet.

Note 2

Selskapskontrollen er en ny og lovpålagt oppgave fom 2006.

Selskapskontrollen skal omfatte eierskapskontroll og kan også omfatte forvaltningsrevisjon. Selskapskontroll (eierskapskontroll) inngår i revisjonstilskuddet

Note 3

Revisjonstilskuddet er beregnet til Kr 605.000,-. Det er lagt til grunn en utgiftsøkning på 2,5 % for 2018.

Kristiansand, 03.09.17

Tor Ole Holbek
Revisjonssjef

UTSKRIFT AV MØTEBOK

Agder Sekretariat - styret

Møtedato: 5. september 2017

SAK 04/17 BUDSJETT FOR 2018 FOR AGDER SEKRETARIAT

Enstemmig vedtak:

Det framlagte forslag til budsjett for 2018 vedtas.

Saksfremstilling:

Saksbehandler: Willy Gill

Generelt:

I vedtektene for Agder Sekretariat, § 10, har styret ansvar for å gjøre vedtak om årsbudsjett. Årsbudsjettet skal settes opp slik at det gir et realistisk bilde av virksomheten og det forventede økonomiske resultatet av driften. Årsbudsjettet skal fremmes for den enkelte kommune, slik at forslaget følger innstilling om årsbudsjett og økonomiplan til kommunestyret, jfr. forskrift for kontrollutvalg § 18. Ifølge § 3 i vedtektene skal sekretariatet drives i balanse, slik at inntekter fra kommunene dekker kostnadene.

2018 er det 14. driftsåret i Agder Sekretariat.

Tilskuddet fra den enkelte eierkommune har hatt følgende utvikling de siste fem årene:

2014: kr 114.000

2015: kr 117.000

2016: kr 120.000

2017: kr 123.000 (budsjett)

2018: kr 126.000 (budsjettforslag)

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 38 35 14 09
Mobiltelefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 38 35 52 77
Mobiltelefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Eierkommunene innbetalte totalt kr 640.000 (kr 40.000 pr. kommune) som kapitaltilskudd ved etablering av selskapet (§ 5 i vedtektene).

Pr. 31.12.2016 hadde selskapet en egenkapital på kr 705.017.

Kommentarer:

Det budsjetteres med en lønnsvekst på ca. 3,5 % fra 1.5.2018. For øvrig er det tradisjon i selskapet for å følge rammen i kommuneoppgjøret. Pensjonskostnadene er beregnet med samme satser som i 2017-budsjettet.

Andre kostnader økes med ca. 4%. Denne posten er ikke så stor beløpsmessig, men den kan synes å ha vært noe lavt budsjettert tidligere.

Totalt øker budsjettet med rundt 2.4% i forhold til budsjett for 2017.

Tilskuddet fra den enkelte eierkommune økes fra kr. 123.000 i 2017 til kr. 126.000 i 2018.

Forslag til budsjett for driftsåret 2018

(i hele 1000 kr)

	Budsjettforslag	Budsjett	Regnskap
	2018	2017	2016
<u>Driftsinntekter:</u>			
Tilskudd fra eierkommunene	2 016	1 968	1 985
Øvrige inntekter			0
Sum driftsinntekter	2 016	1 968	1 985

Driftsutgifter:

Personalutgifter	1 831	1 791	1 777
Andre driftsutgifter	195	187	212
Sum driftsutgifter	2 026	1 978	1 989
Brutto driftsresultat	- 10	- 10	-4
Finansinntekter	10	10	18
Netto driftsresultat	0	0	+ 14
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Forslag til vedtak:

Det framlagte forslag til budsjett for 2018 vedtas.

Rett utskrift:

Willy Gill
Kst. daglig leder

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Valle kommune

Sak 09/17

Møtedato: 21.09.2017

Sakshandsamar: WG

**SAK 09/17 ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN ANG. TILSKOTSFORVALTN-
INGA OG OMKLASSIFISERING AV DYRKA JORD**

Vedlegg:

Utskrift av sak 14/16 og 02/17

Bakgrunn for saken:

Rådmannen er bede om å kome i utvalets møte for å gje ei orientering om status for desse sakene.

Framlegg til vedtak:

UTSKRIFT AV MØTEBOK

VALLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

Tysdag 6. desember 2016

SAK 14/16 TILSKOTSFORVALTNINGA I VALLE KOMMUNE – RAPPORT

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil tilrå at kommunestyret gjer slikt vedtak:

- 1. Rapporten vert teken til etterretning.**
- 2. Rådmannen syter for at dei tilrådingane som kjem fram i rapporten vart gjennomført snarast råd og seinast innan 1.11.2017.**
- 3. Rådmannen held kontrollutvalet laupande orientera etter kvart som arbeidet skrid fram.**

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 14/16 TILSKOTSFORVALTNINGA I VALLE KOMMUNE - RAPPORT

Vedlegg:

- Rapport Tilskuddsforvaltning i Valle kommune, mottatt 29.11.2016

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet mottok to brev frå Bjørgulv N. Berg, datert 11.10 og 14.10 2015, kor han peiker på fleire tilhøve kor han meiner at det har vore brot på kommunale regelverk i samband med handsaming av tilskot til ymse tiltak i kommunen.

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 38 35 14 09
Mobiltelefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 38 35 52 77
Mobiltelefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Kontrollutvalet handsama desse breva i møte 26. januar 2016, og gjorde vedtak om å be Agder Kommunerevisjon IKS om å legge fram ein prosjektplan til vurdering som grunnlag for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt.

I kontrollutvalsmøte 17. mars 2016 vart det lagt fram slik prosjektplan, og utvalet gjorde då vedtak om å be Agder kommunerevisjon IKS om å gjennomføre ei undersøking innanfor tilskotsforvaltninga i Valle kommune. Ein ynskte ei undersøking av desse tilhøva:

- ***Er det utarbeidet eintydige kriterier/vilkår for tildeling av tilskot innanfor dei ulike tilskotsordningane?***
- ***Blir sentrale krav i forvaltningsloven etterlevd i forbindelse med saksbehandling og vedtak, blant anna kva angår informasjon i vedtak til tilskotsmottakarar?***
- ***I kor stor grad er det etablert rutinar for å kontrollere sentrale punkter i søknadene?***
- ***Er søknadene tilstrekkelig dokumentert og etterprøvbare?***
- ***I kor stor grad er det etablert rutinar for å krevje tilbakebetaling av tilskot dersom rapportering viser at tilskotet ikkje er brukt i samsvar med føresetnaden for vedtak.***

Kort samandrag av rapporten

Som metode for utarbeiding av rapporten har revisjonen nytta dokumentanalyse og intervjuar. Det er lagt til grunn desse revisjonskriteria:

- Kommuneloven
- Forvaltningsloven
- Forskrift om offentleg arkiv
- Allmenn forvaltningsrett
- Tilskotreglar for bustadbygging
- Reglar om stønad til landbruket

Desse kriteria gjev grunnlag for å vurdere om det føreligg avvik eller svakheter på dei tilhøva som vert sett på i prosjektet.

Undersøkinga (rapporten) syner ei rekke svakheter med tilskotsforvaltninga i Valle kommune. Manglande internkontroll, stor grad av skjønsmessige vurderingar og mangelfull praksis for dokumentering og arkivering pregar sakshandsaminga og fører med seg at formelle krav i lovgjevinga ikkje vert oppfylt.

Ut frå dei funna som er gjort, tilrår revisjonen at kommunen set i verk ei rekkje tiltak knytt til tilskotsforvaltninga.

Desse tilrådingane er:

«1. Utarbeide et internkontrollsystem bestående av skriftlige retningslinjer, rutinebeskrivelser, sjekklistor og andre kontrolltiltak som bidrar til å sikre blant annet

- a. Etterlevelse av sentrale krav i forvaltningsloven, kommuneloven og forskrift om offentlig arkiv
- b. At kriterier og retningslinjer for den enkelt tilskuddsordning blir fulgt i forbindelse med saksbehandlingen

2. Formaliserer krav til kvalitetssikring i forbindelse med saksbehandlingen og utarbeider hensiktsmessige verktøy til dette formålet

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

3. Gjennomfører og dokumenterer systematiske risikovurderinger og iverksetter nødvendige tiltak for å redusere uønskede risikoer

4. Innfører tydeligere ledelsesoppfølging»

Rapporten er lagt fram for rådmannen, og han har ingen kommentarer til innhaldet.

Ei syner til rapporten for nærare opplysningar.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vil tilrå at kommunestyret gjer slikt vedtak:

4. Rapporten vert teken til etterretning.
5. Rådmannen syter for at dei tilrådingane som kjem fram i rapporten vart gjennomført snarast råd og seinast innan 1.11.2017.
6. Rådmannen held kontrollutvalet laupande orientera etter kvart som arbeidet skrid fram.

Rett utskrift:	Utskrift sendt elektronisk til:	Kopi sendt elektronisk til:
Kjell Ivar Hommen Utvalssekretær	Valle kommune	Ordfører Rådmann

UTSKRIFT AV MØTEBOK

VALLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

Torsdag 23. mars 2017

SAK 02/17 OMKLASSIFISERING AV DYRKA JORD - RAPPORT

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil be kommunestyret gjere slikt vedtak:

- 1. Rådmannen syter for å utarbeide skriftlege rutinar som sikrar at sakshandsaminga av omklassifisering av dyrka- og overflatedyrka jord er i samsvar med krav i lovverket , samt at saker blir tilfredsstillande dokumentert og arkivert i kommunen sitt saksarkiv.**
- 2. Rådmannen syter for å gjere ei ny og grundig vurdering av omklassifiseringa av dei i rapporten omtala areala på gnr. 50/6 i Valle.**
- 3. Når dei nye vurderingane er gjennomført, vert kontrollutvalet skriftleg informert om kva som er gjort.**

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 02/17 OMKLASSIFISERING AV DYRKA MARK - RAPPORT

Vedlegg:

- Rapport frå Agder Kommunerevisjon IKS, datert 15.03.2017

Saka gjeld

Kontrollutvalet har bede Agder Kommunerevisjon IKS om ei utgreiing omkring sakshandsaming og retningsliner for omklassifisering av dyrka- og overflatedyrka jord. Bakgrunnen for saka var 2 brev frå Bjørgulv N. Berg, kor han bed kontrollutvalet undersøke om grunnlaget for omklassifisering av dyrka- og overflatedyrka jord på gnr. 50, bnr. 6 i Valle. Etter omklassifiseringa fekk eigedomen under 25 da. dyrka- og overflatedyrka jord, noko som medførte at det vart fritt opp til kommunen å sette vilkår om buplikt og kommunen har ikkje heimel til å utføre priskontroll.

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 38 35 14 09
Mobiltelefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 38 35 52 77
Mobiltelefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Agder Kommunerevisjon har utarbeidd ein grundig rapport kor dei undersøker sakshandsaminga av omklassifisering av dyrka og overflatedyrka jord på gnr. 50, bnr. 6 i Valle kommune.

Innhaldet i rapporten

Det er to sentrale problemstillingar som vert handsama i rapporten:

- 1. Har kommunen sine rutinar og handsaminga vert i samsvar med krav som vert stilt i kommunelova, forvaltningslova og jordlova? Kan kommunen dokumentere at sakshandsaminga har vert i tråd med god forvaltningsskikk og krav i lovverket?*
- 2. Er kommunen si omklassifisering av dyrka jord frå ca. 31 daa. til ca. 20 daa. korrekt i medhald av regelverket?*

Det syner seg etter gjennomgangen av sakshandsaminga og dokumentasjon at kommunen har arkivert svært lite dokumentasjon av handsaminga av den aktuelle saka, noko som har gjort det vanskeleg for revisjonen å etterprøve kommunen sine vurderingar og avgjersler.

Revisor rår til at kommunen utarbeider skriftlege rutinar for sakshandsaminga som sikrar etterleving av krav i lovverket, og at saker vert tilfredsstillande dokumentert og arkivert i kommunens saksarkiv.

Ut frå dei undersøkingane som revisjonen har gjort, meiner dei at det ikkje er usannsynleg at dei omtalte areala i nærleiken av hovudhuset der dyrka jord vart endra til innmarksbeite, kan ha vore dyrka jord. Vidare peiker revisjonen på eit anna område i nærleiken av hovudhuset som vart registrert som innmarksbeite i 2009. Dette området var tidlegare i Økonomisk kartvert klassifisert som dyrkbar jord. Dette området kan ha eigenskaper som fulldyrka eller overflatedyrka jord, men blitt feilregistrert i 2008. Dei gjer merksam på at dette området i 2015 vart slått med maskin.

Revisor rår til at kommunen gjer ei ny vurdering av om dei omtala areala er dyrka jord eller innmarksbeite.

Ein syner elles til rapporten som er lagt med saka.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vil be kommunestyret gjere slikt vedtak:

1. Rådmannen syter for å utarbeide skriftlege rutinar som sikrar at sakshandsaminga av omklassifisering av dyrka- og overflatedyrka jord er i samsvar med krav i lovverket, samt at saker blir tilfredsstillande dokumentert og arkivert i kommunen sitt saksarkiv.
2. Rådmannen syter for å gjere ei ny og grundig vurdering av omklassifiseringa av dei i rapporten omtala areala på gnr. 50/6 i Valle.

Når dei nye vurderingane er gjennomført, vert kontrollutvalet skriftleg informert om kva som er gjort.

Agder Sekretariat
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Rett utskrift:

Kjell Ivar Hommen
Utvalssekretær

Utskrift sendt elektronisk til:

Valle kommune

Kopi sendt elektronisk til:

Ordfører
Rådmann

Referatsaker:

R 03/17 Brev frå Sissel Åkre – Sal av dei gamle bygningane på Bjugsbakk

Til
Valle kontrollutval
v/leiar Knut H. Nomeland
Her

Valle, 11.07.2017

VEDKOMANDE KOMMUNESTYRESAK 09/17 - Sal av dei gamle bygningane på Bjugsbakk.

I Valle formannskap vart det den 15.02.2017 lagt fram ei sak om sal av dei gamle bygningane på Bjugsbakk, med tilhøyrande areal Gnr. 68 Bnr. 294 på Rysstad til Knut H. Rysstad.

Den 16.02.2017 gjekk det eit brev til Valle kommune frå Setesdalsmuseet, der det var skrive at museet ikkje var kontakta av kommunen i saka, og at dei ikkje var kjent med at saka vart fremma for formannskapet.

I dette brevet er det gjort greie for bakgrunn og tilhøve mellom Setesdalsmuseet og Valle kommune vedkomande denne eigedomen. Vidare bed Setesdalsmuseet om at sakshandsaminga i saka vert stogga, slik at museet kan verte informera om planane. Ein bed også om ei drøfting, om korleis den tilrådde løysinga kan vere i tråd med vedteken reguleringsplan og tidlegare inngåtte avtalar.


Saka gjekk vidare til kommunestyret, som handsama saka som sak nr. 9/17 den 08.03.2017, utan at brevet frå Setesdalsmuseet var lagt med.

I saksutgreiinga vart det i argumentasjonen for sal til Knut H. Rysstad, synt til at Setesdalsmuseet er eit godt alternativ, men at det er usikkert korleis Setesdalsmuseet vil prioritere midlar til å ruste opp bygningsmassen. Dette er skrive utan at det har vore kontakt med museet om saka.

Ein bed med dette Kontrollutvalet om å gjennomgå denne saka på fylgjande punkt:

1. Kva for avtalar og føringar ligg i tidlegare vedtak, når det gjeld framtidig forvalting av denne eigedomen.
2. Er saka godt nok utgreidd, når det omtalte brevet ikkje er lagt ved saka eller gjort kjent for kommunestyret, eller at problemstillingane Setesdalsmuseet tek opp, ikkje er drøfta i saksutgreiinga.
3. Dersom saka ikkje er godt nok utgreidd og relevante dokument ikkje ligg ved, bør saka takast opp til ny handsaming?

Med helsing
Sissel Åkre, Valle Venstre



Vedlegg:

1. Brev frå Setesdalsmuseet, datera 16.02.2017
2. Førespurnad frå Sissel Åkre, til kommunestyremøtet 21.06.2017



Rysstad 16.2.2017

Valle kommune
4747 Valle

Vedr. sak i Valle formannskap 15.02.2017 11/17 Sal av dei gml. bygningane på Bjugsbakk

Setesdalsmuseet er gjort kjende med ei sak i Valle formannskap i går, der det er tilråding frå kommuneadministrasjonen om å selje dei gamle bygningane på Bjugsbakk til Knut H. Rysstad for kr. 1. Framlegget omfattar også museet sin parkeringsplass ned ved Sirkel K Rysstad.

Av sakshandsaminga kan ein få inntrykk av at det har vore samtalar med Setesdalsmuseet omkring salet, og at museet har utvist ei lunke haldning i forhold til dette.

Setesdalsmuseet er informert om framlegget gjennom saksframstillinga frå rådmannen.

Då nøkkelen til våningshuset i Oppistog Rysstad (Bjugsbakk er feil å bruke) vart overlevert hausten 2016, var det også retta ein kontakt til sakshandsamar Thorleif Homme at museet såg føre seg ein snarleg kontakt for at Setesdalsmuseet kunne overtake bygningane. Bakgrunn var m.a. ei påvist angrep av hussopp som det var viktig å fjerne tiltak i høve til.. Etterpå har det ikkje vore kontakt.

For området føreligg det ein reguleringsplan, og det er tidlegare gjort avtalar mellom kommunen og Setesdalsmuseet vedr. framtidig forvaltning av bygningne. Det har heile tida vore Setesdalsmuseet si forståing av saka at Oppistog skulle verte ein del av museet,

Vi bed med dette at vidare sakshandsaming vert stoppa slik at Setesdalsmuseet vert informert om planane. Vidare korleis ei slik løysing måtte vere foreineleg med vedteken reguleringsplan og tidlegare inngåtte avtalar.

Anna Stella Karlsdottir

Leonhard Jansen

FØRESPURNADER:**Sissel Åkre:**

I k.sak 9/17 handsama me den 8.3.2017 saka om sal av parsell av gnr 68, bnr. 294 på Rysstad. Anlegget ligg ved innkjørsla til Setesdalsmuseet og både museet og Aust Agder museum og arkiv har reagert på vedtaket. Det føreligg eit brev frå Setesdalsmuseet til Valle kommune om saka. Dette brevet var ikkje vedlagt saka den 08.03, men kom før den dagen. Saka vart avgjort i Formannskapet sist og det står i referatet at «saka er avslutta». Me må vel kunne forvente at relevante papir ligg ved saka, fysisk. Dette brevet ville hatt stor betydning for handsaminga av saka. Eg vil be om å få saka opp att.

Ordførarar:

Eg oppfatter at sak 9/17 er avgjort.